Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: N. Trøndlag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Harran

Emne: Beit og Bram Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Urstad Gard: Urstad

(adresse): Gartland st. G.nr. 35 Br.nr. 1 & 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Her i bygda hev det vore nytta beit til for i dårlege forår.
Med namne bram muner ein her i bygda berre dei two tri siste årsskott på rogn. Det vart brote av med handa før ein skar kvistane. Det vart gjeve kyrne soleids.
Det å bryte av desse årsskott av rognkvistane kalla ein å bramm.

2/ Til beit vart det brukt berre bjårk. Ein hadde ikkje noko serskild namn på å hente beite. Heller ikkje hadde ein nokon serskild slede til det bruk.

3) Det var helst då det leid utpå vinteren at dei byrja med beit. Det vart kjørd heim heile bjårketre. Kvistane vart hogne av heime med øks. Så vart det ytterste av kvistane hogge av med ein sigd eller beitkniv.

4) Beitkniven var helst adden av ein avbroten ljå, som det var sett skaft på.

5) Det var helst kyr som fekk beit.

1167

bute vart gjeve for seg sjøl.

6) Der det hadde fjøslem so hadde dei bute på lemmen. Hadde dei ikkje noko hus å ha det i so hadde dei det utanfor fjøsdøra. Det vart skjelden laga til meire enn for ein tvo tri dagar.
At dei slepte krötera ut so dei fekk gnaga sjølv veit ein ikkje noko om.

7) At det var nokon særskild skikk om Langfredagen hev ein heller ikkje høyrt snakk om.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1167